

Skule-heim-samarbeid på Stranda skule

Forventingar til skulen og til heimen

Stranda skule ønskjer å ha eit nært og godt samarbeid med heimen. Vi ønskjer at heimen veit kva som kan forventast av skulen, og skulen er tydeleg på kva som blir forventa av heimen. Slik kan vi jobbe saman for eit godt læringsmiljø for elevane.

FAG OG LÆRING

DETTE KAN DU FORVENTE AV SKULEN:

- Skulen gjev undervisning i samsvar med gjeldande lovverk og læreplanar.
- Skulen har fått informasjon om eleven sin faglege ståstad frå barnehagen, og legg den til grunn for opplæringa.
- Skulen legg til rette for at elevane skal få utvikle evnene sine, individuelt og i samarbeid med andre.
- Skulen skal stimulere til lærelyst, nysgjerrigheit og evne til kritisk tenking.
- Dei vaksne ved skulen skal vere tydelege rollemodellar og gode førebilete.

SKULEN FORVENTAR AT DU SOM FØRESETT:

- Følgjer opp skulearbeidet, og hjelper barnet til god arbeidsinnsats.
- tek kontakt med skulen viss du meiner at opplæringa ikkje oppfyller dine krav og/eller forventningar.
- sørgjer for at eleven møter på skulen, kjem presis, er utkvilt, har ete frukost og har med seg matpakke.
- passar på at eleven følgjer klassa og skulen sine reglar, og viser respekt for alle på skulen.

TRYGGLEIK OG TRIVSEL

DETTE KAN DU FORVENTE AV SKULEN:

- Alle elevar skal kjenne seg velkomne og trygge på skulen.
- Skulen har jamleg dialog med heimen.
- Skulen er alltid open for samarbeid om eleven sin trivsel, og set i verk tiltak ved behov.
- Skulen har nulltoleranse for mobbing, vold og rasisme, og følgjer opp viss det førekjem krenkingar.
- Skulen arbeider systematisk for å skape eit godt skule- og klassemiljø.
- Dei vaksne kjenner elevane og tek kontakt med heimen om det skjer noko spesielt.
- Skulen har respekt for heimen sin eigenart.

SKULEN FORVENTAR AT DU SOM FØRESETT:

- bidreg aktivt til å gje barnet ditt positive haldningar til skulen, lærarar, medelevar og deira føresette.
- kontaktar skulen viss barnet ditt ikkje trivst.
- deltek aktivt i sosiale arrangement.
- samarbeider med andre føresette om elevane sin trivsel og tryggleik.

DIALOG OG SAMARBEID

DETTE KAN DU FORVENTE AV SKULEN:

- Skulen har gode informasjons- og kommunikasjonsrutinar.
- Du blir innkalla til minimum to foreldremøter og utviklingssamtalar årleg.
- Skulen er interessert i dine synspunkt, er løysningsorientert og gjev deg svar på det du spør om.
- Føresette har høve til å påverke gjennom FAU, SU og SMU.

SKULEN FORVENTAR AT DU SOM FØRESETT:

- samarbeider med skulen for å sikre god kommunikasjon og god informasjonsflyt.
- deltek på foreldremøter, utviklingssamtalar og andre møter, og gjev beskjed i god tid om du ikkje kan møte til avtalt tid.
- informerer skulen om hendingar som kan påverke eleven og skulekvardagen.
- viser respekt for elevar, tilsette og leiinga på skulen og andre føresette, spesielt når det gjeld å ta kontakt og dele informasjon med andre.